



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
54/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	11.06.2019
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Haga	FE-010	19/670

VALLØFTET 2019

Vedlegg:

Valgloftet-2019

Slik fungerer kommunestyret best

Ordfører sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre sluttar seg til KS sitt valløfte 2019.

Saksopplysningar:

Med utgangspunkt i Kommunesektorens Organisasjon (KS) si demokratiundersøking vedtok hovudstyret «Valløftet 2019». Dette vart presentert for Kommunalpolitisk Toppmøte (KPT) 9.april 2019. KPT slutta seg til oppfordringa om ein anstendig valkamp med sakleg meiningsbryting. Valløftet 2019 set opp nokre gjerdestoplar for anstendigheit ved å seia nei til hets, mobbing, trakassering, skjellsord og personangrep.

Med ein sakleg debatt meiner ein at:

- Me behandlar kvarandre med respekt, også når me er ueinige
- Me alle jobbar aktivt for at alle stemmer kan bli høyrd
- Me viser kvarandre gjensidig tillit
- Me jobbar for at flest mogleg vil bruka stemmeretten
- Me viser born og unge kvifor lokaldemokratiet er verdt å kjempa for